

Ein runde til med Robert og bryggjarane

14.04.2012

Fekk du ikkje med deg livssynsprogrammet i NRK2 tidlegare denne veka om lærar, trubadur og ølbryggjar Robert Smith Hald? Då får du sjansen att søndag kveld, då det blir sendt i reprise klokka 17. Det skjer imidlertid på NRK1.

Programmet er nummer 10 av 12 i serien Underveis og handlar om korleis det er å bryta opp frå eit miljø med strenge forbod på alle kantar. Det var det Robert gjorde i Pennsylvania, USA. Han klarte det bra, men korleis er det med andre?

I programmet, som i stor grad er teke opp på Dønhaug, seier Robert at han truleg ville vorte psykotisk om han ikkje hadde brote opp frå sekta heime i Statane. Beretningn hans er supplert med sakkyndige kommentarar.

Vi møter han i aksjon som trubadur i 3 av songane hans og som bryggjar i selskap med karane i Humlepungen. Han har noko å læra dei, ettersom han har vorte norsk meister 5 gongar!

Grunnen til at opptaka er gjort på Dønhaug og er god reklame for staden og Uskedalen er at Robert har vorte hekta på vår bygd i samband med etter kvart mange konsertar her. Stutt sagt stortrivs han i Uskedalen og er ein god marknadsførar for bygda. .

Av Ola Matti Mathisen